



Arkivnr: 2014/17338-2

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.06.2014
Fylkestinget		11.06.2014

**Bergen-Os Bompengeselskap as - fylkeskommunal garanti for låneopptak**

**Samandrag**

I saka vert det gjort framlegg om at fylkeskommunen garanterer for lån på inntil 3 500 mill. kr som Bergen-Os Bompengeselskap as skal ta opp til finansiering av E39 Svegatjørn-Rådal.

**Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldtnargaranti for lån på inntil 3 500 mill. kr (2014-kr) som Bergen-Os Bompengeselskap as tar opp til finansiering av E39 Svegatjørn-Rådal.

Garantiperioden strekker seg fram til utgangen av 2038.

Johnny Ernst Stiansen  
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 05.06.2014

Bergen-Os Bompengeselskap as søker i brev av 4. juni 2014 om fylkeskommunal garanti for lånepoptak til bompengefinansiering av deler av kostnaden ved bygging av ny veg mellom Svegatjørn og Rådal.

Selskapet skriv mellom anna følgjande i søknaden:

«Styret i Bergen-Os Bompengeselskap as vil med dette søke om fylkeskommunal garanti for dei lånepoptaka selskapet må gjere for å finansiere prosjektet både under byggeperioden og i bompengeperioden. Vi ventar på ein proposisjon frå Samferdselsdepartementet i saka og det er håp om at ein slik skal liggja føre før sommaren.

Statens vegvesen har tilrådd ein garanti basert på følgjande føresetnader:

Føresetnad	Verdi
Årleg prisstigning	2,5 %
Lånerente	5,5 %
Driftskostn. pr. bomstasj. (mill.2014-kr.)	15
Oppstart bompengeinnkrevjing Etterskotsinnkrevjing	2021
Oppstart bygging	2015
Investeringsperiode	2015-2022
Anleggskostnad (mill. 2014-kr.)	6.505
Statleg finansiering 2012-23	3.799
Trafikkgrunnlag (ÅDT2021-nivå)	14.058
Snitt inntekt pr. køyretøy (2014-kr.)	38,80
Nedbetalingstid (bompengeperiode)	18 år

I dei fleste bompengeproposisjonar dei siste åra er det lagt til grunn ei nominell lånerente på 6,5 %. Dette ut frå at lånerente skal vere robust og ha eit langsiktig perspektiv. Basert på røynsler dei siste åra og prognosane framover vil Statens vegvesen tilrå ein fylkeskommunal garanti der finansieringsopplegget er basert på ei berekningsteknisk lånerente på 5,5 pst. Med gjeldande finansieringsføresetnader og etterskotsinnkrevjing inneber dette ein bompengeperiode på vel 18 år. Dersom det kjem ei rentekompensasjonsordning, jf. Prop. 97 S (2013-2014), side 5, skal rentekompensasjonen føre til kortare innkrevjingsperiode.

Vi legg til grunn 5 års byggetid. Samla garantiperiode vil strekke seg over 23 år, fram til 2038 etter dei utrekningar Statens vegvesen har utført med føresetnadene over.

Maksimal lånegjeld er om lag 3,5 mrd. kr, som vi meiner bør leggjast til grunn for den fylkeskommunale garantien.

### Konklusjon

Styret i Bergen-Os Bompengeselskap as ber Hordaland fylkesting om ein länegaranti med sjølvskyldnarkausjon på NOK 3.500.000.000 gjeldande frå 1.1.2015 til 31.12.2038.»

Fylkeskommunen har gjennom dei seinare åra garantert for store beløp til bompengeprosjekt. Ved utgangen av 2013 hadde ein garantert for lån på over 7,2 mrd. kr. I tillegg er det gjort vedtak om å garantere for Askøypakken. Auke av garantisummen for Bergen bompengeselskap AS kjem opp i eiga sak.

Fylkeskommunen vil då nærme seg eit garantiansvar på 10 mrd. kr, før ein eventuelt garanterer for Bergen-Os Bompengeselskap as.

For dei fleste prosjekta fylkeskommunen har stilt garanti, vurderer ein risikoen å være minimal. Ein vurderer også prosjektet Svegatjørn-Rådal å ha låg risiko. Dersom det vert innført ei rentekompensasjonsordning, vil dette redusere risikoen for svingningar i rentenivået, og korte ned nedbetalingstida.

Fylkeskommunen eig 52 % av aksjane i Bergen-Os Bompengeselskap as.

Ut frå tidlegare praksis, vil fylkesrådmannen rå til at fylkeskommunen stiller garanti for lån som Bergen-Os Bompengeselskap as skal ta opp til finansiering av strekninga Svegatjørn - Rådal